

### Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		21.10.2021

### Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

#### Forslag til innstilling

Administrasjonsutvalet tek arbeidsdokument 3/21 og finansutvalet sine prosessvedtak knytt til handsaminga av arbeidsdokumentet til orientering.

#### Samandrag

For at administrasjonsutvalet skal få kome med uttale til budsjettet for 2022/økonomiplan 2022-2025, vert arbeidsdokument 3/21 lagt fram. Dokumentet er det som er sist handsama av finansutvalet i prosessen med utarbeiding av budsjett for 2022. Hovudutvala sine uttalar til budsjettet ligg og ved denne saka.

Rune Haugdal  
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Administrasjonsutvalet sitt neste møte er fastsett til 9. desember 2021. Finansutvalet, hovudutvala og fylkesutvalet vil før denne datoan ha handsama budsjett for 2022/økonomiplan 2022-2025 før denne datoan.

For at administrasjonsutvalet skal ha høve til å handsame budsjettet for komande år, vert det lagt fram sak til dette møtet. Finansutvalet handsama i møte 21. september arbeidsdokument 3/21 og dette arbeidsdokumentet er lagt ved denne saka.

Hovudutvala handsama i møte 8. september budsjettforslag frå dei respektive avdelingsdirektørane. Uttalane frå hovudutvala vart lagt fram i finansutvalet sitt møte 21. september og var ein del av handsaminga i dette møtet. Finansutvalet tok uttalane frå hovudutvala til vitande. Hovudutvala sine uttalar om budsjettet for 2022 ligg også ved denne saka.

### Kort om budsjettforslaga frå hovudutvala og finansutvalet

#### *Opplæring og kompetanse*

Budjettramma for sektoren er redusert med 9 mill. kr frå 2021 til 2022. I tillegg skal sektoren finne inndecking for meirbehov, slik at det samla er foreslått tiltak for 30,1 mill. kr. Tiltaka gjeld ei rekke postar der det m.a. er forslag om redusert reiseverksemd, redusert løvying til omstillingstiltak, avslutta skulefrukosttilbodet, avslutte tilbodet om meningokokkvaksine og reduksjon i den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane.

Hovudutvalet sin uttale ligg ved. Finansutvalet tok denne uttalen til vitande.

#### *Samferdsel og mobilitet*

##### Mobilitet og kollektiv

Budjettramma for kollektivsektoren er redusert med 63 mill. kr frå 2021 til 2022. Av denne summen gjeld 60 mill. kr redusert budsjettbehov i hovudsak som følgje av busskontrakten i Bergen som starta opp 1. desember 2020. I tillegg skal sektoren finne inndecking for meirbehov. Det er foreslått reduserande tiltak som å avslutte tilbodet om arbeidsreiser, reduksjon i serviceavtalar og omprofilering av merkevarer. I tillegg er det forslag om justeringar i kontraktar for det som gjeld ulike indeksar og bonusnivå.

Hovudutvalet sin uttale ligg ved. Finansutvalet tok denne uttalen til vitande.

#### Infrastruktur og veg

Budjettramma for infrastruktur og veg er redusert med 8 mill. kr frå 2021 til 2022. I tillegg skal sektoren finne inndecking for meirbehov, slik at det er forslag om tiltak for 95 mill. kr. Årsaka til meirbehovet er i hovudsak auka kostnader for drifts- og vedlikehaldskontraktar. Tiltaka som er foreslått gjeld redusert løvying til dekkelegging, redusert løvying til vegutstyr, bruer og kaiar.

Hovudutvalet sin uttale ligg ved. Finansutvalet tok denne uttalen til vitande.

#### *Næringer*

Budjettramma for næringsområdet er redusert med 2 mill. kr frå 2021 til 2022. Det er forslag om å dekke denne summen med redusert tal stillingar og noko reduksjon av prosjektmidlar.

Hovudutvalet sin uttale ligg ved. Finansutvalet tok denne uttalen til vitande.

#### *Kultur, idrett og integrering*

Budjettramma for denne sektoren er redusert med 2 mill. kr frå 2021 til 2022. Det er forslag om å dekke denne summen ved redusert reiseverksemd og mindre stillingsreduksjonar.

Hovudutvalet sin uttale ligg ved. Finansutvalet tok denne uttalen til vitande.

#### Andre sektorar

I tillegg til sektorane som har eigne hovudutval, handsama også finansutvalet forslag som gjeld tannhelse og avdelingane strategisk utvikling og digitalisering og organisasjon og økonomi.

#### Tannhelse

Budsjettet er redusert med 0,5 mill. kr og det er forslag om å dekke dette med redusert reiseverksemd og avslutta behov for beredskapsklinikkk.

#### Strategisk utvikling og digitalisering

Budsjettet er redusert med 2 mill. kr frå 2021 til 2022. Summen er foreslått dekka inn ved redusert reiseverksemd og redusert tal stillingar.

**Organisasjon og økonomi**

Budsjettet er redusert med 10 mill. kr fra 2021 til 2022. Det er forslag om redusert reiseverksemd, ny forvaltingsavtale for konsesjonskraft vil gje innsparinger og driftseffektivisering i første rekke innanfor eigedomsavdelinga.

Finansutvalet sitt prosessvedtak for desse sektorane ligg ved.

**Økonomi:**

Budsjettprosessen er viktig for den økonomiske stillinga til fylkeskommunen dei kommande åra. I denne saka vert det orientert om prosessen.

**Klima:**

Klimaperspektivet er ein av dei viktige føresetnadane for arbeidet på dei ulike budsjettområda. I tillegg har fylkeskommunen eit eige klimakapittel i budsjettet.

**Folkehelse:**

Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Koplinga mellom budsjett og økonomiplan og det resterande planarbeidet i fylkeskommunen, mellom anna regional planstrategi, er vektlagt i budsjettarbeidet. For fyrste gang vil ein ha eit eige kapittel om denne koplinga i budsjettet.

**Konklusjon**

Fylkessdirektøren foreslår at administrasjonsutvalet sluttar seg til finansutvalet sine prosessvedtak knytt til arbeidsdokument 3/21.